

## LARVIK SKU SIN FØRSTE TURNERINGSTUR

Etter tre måneder med sjakktrening var det klart for den første store testen for vårt ferske Larvikslag: Nasjonal BGP-turnering i Oslo med nesten 100 deltakarar, laurdag 2de april. Det var Norstrand SKU som arrangerte turneringa, på Skøyenåsen Skole. Vi fann fram etter litt GPS-trøbbel, og rigga oss til på "Larviksbordet" i pauserommet, med sjakkbrett, mat og drikke, DS, I-pod og alle ingrediensar som skal til. Laget var (framanfor og bakover på biletet til venstre): Jacob Yri Jacobsen, Audun Engeset, Ola Tangen Kulseng, Per Sørensen og Magnus Tangen Kulseng. Lagleiarar var Bjarte Engeset (sjakk) og Frank Tore Tangen (toppidrettspsykologi).



Laget er klar til innsats.




Fem glade pokalgutar etter endt turnering.

Alle på laget gjorde ein super innsats, med gode resultat langt over forventning. To runder på rad scora vi som lag fire av fem moglege poeng!



Audun er den mest rutinerte på laget, etter å ha spela i to BGP-turneringar i 2010. Audun tok til slutt ein fin tredjeplass i sin debut i lilleputtklassen. Klassen hadde mange rutinerte og sterke spelarar. Her

grublar Audun for å finne eit godt felt for dronninga si i partiet mot Cornelius Kvendseth frå Norstrand SKU. Cornelius vann til slutt klassen, og leiar etter dette BGP-serien i Lilleputt 2011 med heile 94 poeng, framfor Anders Nilsson Aure frå Drammen med 55 poeng. Audun vann svært raskt mot Aure, og viste med det at han kan hevde seg heilt i toppen av den nasjonale BGP-tabellen om han er med i fleire turneringar utover året.



Per Sørensen samla masse poeng i begynnerklassen (32 deltakarar) og endte på ein super tredje plass. Den gode plasseringa vart avgjort i nest siste runde i partiet mot Aksel Mustafa H. Balci, der Per klarte å setje matt med konge og tårn mot konge. Ved å gjere "fengselet mindre" fekk han pressa kongen ut til kanten. Turneringsleiaren sa før siste runde til alle at dette var imponerande av Per, og at alle burde øve på dette.

Ola likar å bytte av på c6 etter desse trekka:  
 1.e4 e5 2.Sf3 Sc6 3.Lb5 a6 4.Lxc6 dxc6.



Detta kallar ein avbyttevarianten i spansk.

Det ser ut som kvit no berre kan vinne bonden på e5 med ein gong. Men den er litt giftig sidan svart straks kan vinne ein bonde tilbake å få litt betre stilling med ...Dd4! I det første partiet tok Ola denne giftige bonden på e5 før han hadde rokert: 5.Sxe5 Dd4 6.Sf3 Dxe4+ 7.De2 Dxe2 8.Kxe2.



Detta enda til slutt slik som i diagrammet ovanfor, med ødelagt rokade. Etter ein lang og skiftande kamp enda det også i tap.

MEN: I det tredje partiet hadde Ola igjen kvit i det som vart eit spansk parti. Etter råd frå dei to lagledarane Bjarte og Frank Tore, i pausene mellom partia, rokerte Ola no først (Sjå biletet nedanfor).

Ola vann til slutt dette partiet, og med tre flotte vinstar vart det ein fin 10de plass for Ola i Miniputtklassen.



Ola bestemmer seg igjen for avbytte på c6 i spansk, i tredje runde, men no har han rokert før han tek bonden på e5! Stillinga på biletet kom etter trekka 1.e4 e5 2.Sf3 Sc6 3.Lb5 Lc5 4.O-O Sf6 5.Lxc6.



Magnus har sterkt press mot Truls Kløfsrud Jauert frå Moss SKU i andre runde.



Matt!!! I fjerde runde fekk Magnus sin andre seier med denne fine matten. Svart sitt batteri på h-linja er ustoppelig. Det var Vetle Aarstad Fjeldheim frå Norstrand SKU som måtte strekke fram handa si her.



Yngstemann på laget, Jacob, sjekkar kor mykje tid motstandaren har brukt. Jacob spela svært raskt i dei første partia, men etter at han bestemte seg for å tenkje lenger på kvart trekk kom sigrane: Jacob fekk til slutt heile 11 poeng i mikroputtklassen, med to singlar og ein remis!

Vi gler oss til neste turnering!



*Rapport: Bjarte Engeset*

*Foto: Frank Tore Tangen og Bjarte Engeset*